



Dato : 04.02.11  
Arkiv :  
Dykkar ref. :  
Vår ref. :

## Datasystemet på SAUS hausten 2010

Hausten 2010 vart alle lærarane tilknytte intern sone, og alle fekk brukarnamn, kommunal e-postadresse og mellombels passord. Bortsett frå mindre oppstartsproblem gjekk dette nokså smertefritt.

Elevane vart overført til nytt nettverk omtrent samstundes. Dette har hatt fleire og store drifts- og kapasitetsproblem, som for ein del enno ikkje er løyste.

- Elevane fekk ikkje tilgang til skrivar før kopimaskina i gangen etter ei stund vart nettverksskrivar. Vår trådlause laserskrivar måtte ha ny ”boks”, fordi den gamle ikkje takla krypteringa i det nye nettverket. Boksen skal vere komen, men er framleis ikkje montert, trass i mange purringar.
- Snarveg til det gamle nettverket vart ikkje fjerna då det nye vart lagt til, slik at elevane forgjeves kopla seg til ”feil” nettverk. Dette vart raskt oppdaga og problemet løyst.
- Nettbaserte nasjonale prøver var mindre sårbare, då det ikkje kravde oppkopling via nettverket.
- Registrering av valt nettverk vart ikkje endra på alle maskinar, slik at trådløst nettverk tilsynelatande ikkje verka. Dette tok lengre tid å rette, fordi mange maskiner var retta, men ikkje alle. Problemet er løyst no.
- Minnepinner er utilgjengelege dersom dei ikkje blir tilkopla før maskina blir logga på nettverket. Særleg i 8. klasse har elevane vanskeleg for å lære denne prosedyren. Sjølv med korrekt bruk har vi døme på at minnepinner ikkje er tilgjengelege (maskina heng).
- Det er tidvis store problem, også for lærarane, med å bruke pc tilknytta prosjektor, og særleg til filmframsyning (dvd). I praksis må ein berre prøve pc etter pc før ein finn som fungerer. Rekorden er fire forsøk...
- Kapasiteten i nettverket viste seg å vere heilt utilstrekkeleg, slik at maskinane gjekk svært seint, blei kasta ut av nettverket, eller rett og slett ikkje let seg kople til.
- IKT Valdres utbetra fleire feil internt på SAUS (bytta til switch med betre kapasitet, skifta aksesspunkt, skifta nettverkskabel), utan at det hjelte noko særleg på kapasiteten.
- Vi har fått opplyst at etter ny anbudsrunde for trådløst nettverk (som Eidsiva vann), vart bandbreidda tidobla. På grunn av brannmursystemet vart effekten berre ei dobling, men dette har gjort nettverket raskare og meir stabilt.

## Konklusjon

Skolen er avhengig av stabilt nettverk med god kapasitet. Dersom nettet er nede, kan ikkje elevane skrive (fordi kontorprogram ligg på server), skrive ut (skrivarane er nettverksbaserte) eller lagre på eige serverområde.

Når nettverket ikkje fungerer, blir det mykje ekstraarbeid for lærarane. Dei må be elevane ta med eigne maskinar (med kontorprogram), samle dei maskinane vi har (dei eldste) som har kontorprogram lokalt, organisere lagring av elevarbeid på minnepinner, og sjølv skrive ut alle dei skriftlege arbeida etterpå. For ein lærar toppa det seg då maskina hennar heller ikkje let seg kople til nettverket. Ho måtte låne kontormaskina (kabla nettverk).

Skolen kan ikkje leve med omfattande dataproblem i lang tid. Det er krav om pc-bruk ved eksamen, og vi brukar difor pc mykje som verktøy. I tillegg til skriftleg eksamen skal elevane våren 2011 ha munnleg eksamen med 48 timars førebuingstid. Mange vel då å lage ein databasert presentasjon, men føresetnaden for eit godt resultat er at dei kan øve på dette gjennom skoleåret.